



|                    |                     |              |                     |
|--------------------|---------------------|--------------|---------------------|
| Vår saksbehandlar: | Sak nr D-           | Vår dato:    | Vår referanse:      |
| Nils Kåre Nysæter  |                     | 08.01.2015   | 2015/12-567396/2015 |
|                    | Direkte telefonnr.: | Dykkar dato: | Dykkar referanse:   |
|                    | 53 42 30 64         |              | 2014/13696          |

Hordaland fylkeskommune, Fylkestrafikksikringsrådet  
Samferdselsavdelinga, Postboks 7900  
5020 BERGEN

## **SØKNAD OM TILSKOT TIL UTARBEIDING AV TRAFIKKSIKKERHETSPLAN 2015-2019 FOR BØMLO KOMMUNE**

– Bømlo kommune søker med dette om tilskot til arbeidet med revidering av kommunal trafikksikringsplan (TS-plan).

Kommunestyret har vedtatt planstrategi for Bømlo kommune, og etter denne skal Bømlo kommune revidere gjeldande trafikksikringsplan i 2015. Dette er tenkt som ei oppgradering/revidering. Dette inneber at i tillegg til tradisjonelle fysiske trafikksikringstiltak, vil planen også omfatte haldningskapande arbeid med siktemål å påverke og endre forståing og åtferd særskild knytt til unge sjåførar. Planarbeidet skal ta omsyn til sentrale føringar i fylkeskommunen sin overordna trafikksikringsplan med fokus på trafikkretta tiltak.

Politisk vedtatt handlingsplan for folkehelse 2015 har revidering av TS plan som tiltak. Av den grunn vil utarbeiding og gjennomføring av plan medføre eit arbeid på tvers av tenesteområda i kommunen. Det skal settast ned ei arbeidsgruppe som saman skal arbeide fram eit forslag til ny revidert plan.

Kommunen skal arbeide for å verte "trafikksikker kommune". Dette inneber at kommunen i tillegg til TS-planen også vil ha dette arbeidsområdet som tema i kommunen sin handlingsplan for folkehelse og når kommuneplanen sin samfunnsdel vert rullert i nærmaste framtid. Kommunestyret vedtok i møte 16.02.2015 å ha som mål å bli sertifisert som «Trafikksikker kommune» og vera mellom dei 10 kommunane i Hordaland som vert sertifisert i løpet av planperioden 2014-2017.

Måten trafikksikringsarbeidet skal prioriterast og gjennomførast på, skal vere forankra i TS-planen, og både fysiske og haldningsskapande tiltak skal vere viktige verkemiddel for å nå målet om 0-visjonen.

I samband med utarbeiding av trafikksikkerheitsplanen vil kommunen engasjere konsulent og peika ut intern prosjektleiar til arbeidet med å førebu innhald, koordinere og gjennomføre prosessane for å samordne dei ulike tiltaka til ferdig trafikksikringsplan. Denne personen vert leiar av arbeidsgruppa. Til dette arbeidet søker kommunen om tilskot til evt. innleige av hjelp/intern prosjektstilling.

Stipulerte kostnader i samband med utarbeiding av TS planen:

Kostnader konsulent

Kr. 250 000 eks mva.

|   |                             |
|---|-----------------------------|
| Lønskostnader intern prosjektleiing             | Kr. 75 000 eks. mva.        |
| Trykking av plan                                | Kr. 12 000 eks. mva.        |
| Reiseutgifter og diverse utgifter arbeidsgruppa | Kr. 35 000 eks. mva         |
| Annonsekostnader med planarbeidet               | <u>Kr. 10 000 eks. mva</u>  |
| SUM   | <u>Kr. 382 000 eks. mva</u> |

Innhaldet og omfanget i trafikksikkerheitsplanen er tildels nybrotsarbeid, og me søker om kr. 250.000,- til arbeidet.

Målet er å ha ein ferdig vedteken plan innan utgangen av 2015.

Med helsing  
Bømlo kommune

Nils Kåre Nysæter  
Teknisk rådgjevar  
*Dette brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift*